

Årsrapport frå regionalt fagnettverk i Helse Vest

Namn på nettverk:	Nettverk for læring og mestring i Helse Vest
HF som leier/har sekretariat for nettverket:	Helse Fonna
År:	2022
Leiar:	Sølvi Heimestøl
Deltakarar i nettverk:	AU med ein repr. frå kvart føretak:
Referansegruppe:	Marit Wirak (LMS Helse Stavanger)
Are Mikal Lillebø (LMS Helse Førde)	Anna Hovland t.o.m juni og Charlotte Gjerdevik frå juni
Marie Tjelta (LMS Bergen)	(LMS Helse Fonna)
Anna Hovland (t.o.m juni), Sigrid Bøthun,	Marie Tjelta t.o.m.aug. og Rannveig Bakketun (LMS Bergen)
Charlotte Gjerdevik og Anne M. Øritsland,	Kari H. Longvastøl t.o.m aug. og Monica Tyvoll Tefre (LMS Helse
(LMS Helse Fonna)	Førde)
Kari Fredriksen (LMS Helse Stavanger)	
Astrid Gytre og Merete Hauge (RBU)	
Jørgen Møllerop og Linn Jeanett Waagbø,	
(kommunale representanter)	
Solfrid Vågen (Private ideelle institusjonar)	

Aktivitet: (Kort beskriving av aktivitet i løpet av året; møteaktivitet, oppgåver, eventuelle oppdrag til nettverket)

Rapporterteringa tar utgangspunkt i handlingsplanen for nettverket 2017 -2022¹

Arbeidsutvalet (AU): 6 digitale møte på 1-2 timar. 1 fysisk møte i Bergen på 4 timar

Referansegruppa: 2 digitale møte

Handlingsplan: har revidert handlingsplanen, ny er gjeldande frå jan. 2023²

Gode pasientforløp:

LMS-tilsette og nettverket er ein pådrivar for at opplæring av pasient og pårørande skal vere integrert og konkretisert inn i pasientforløpa. Fleire nye pasientgrupper har fått tilbod om lærings- og mestringskurs i 2022 som del av pasientforløpet, til dømes ME/ CFS foreldrekurs ved Bergen LMS, Lymfekreft i Stavanger, Slagkurs Helse Fonna og Fibromyalgi-kurs i Førde. LMS samarbeider også om kurstilbod til små og sjeldne diagnosegrupper på tvers av føretak, til dømes Arvelig bryst- og eggstokkreft og Nevrofibromatose (nytt), begge ved LMS Bergen og er digitale tilbod for heile regionen.

Oversikt på aktivitet: Nettverket har oversikt på kurstilbod som vert gitt ved LMS'ane i Helse Vest. Alle LMS har auka aktiviteten dette året, både tal på deltakarar, tal på kurs og nye kurs er utvikla. Stavanger og Bergen har ei auke i familieretta tilbod med eit nytt kurs i Bergen. For meir informasjon: Sjå vedlagt oversikt på aktivitet.

¹ [Handlingsplan](#) for Nettverk for læring og mestring i Helse Vest 2023-2027

² [Handlingsplan](#) for Nettverk for læring og mestring i Helse Vest 2018 -2022

Psykisk helsevern: Dei fleste LMS-tilbod er i somatikken, men fleire LMS har auka kontakt med avdeling for psykisk helse. Helse Fonna har eit eige LMS innan psykisk helsevern der tilsette har ei sentral rolle i utvikling av Revcovery –kurs og i oppfølging av brukarmedverknad i føretaket.

Samarbeid med kommunane:

Alle LMS'ane er involvert i samarbeid med kommunane om læring og mestring. LMS Helse Førde og LMS Bergen har faglege nettverk, Stavanger har konkret samarbeid om pasientforløp på tvers og i Helse Fonna har læring og mestring fått ein definert plass i det nye helsefellesskapet. Alle LMS'ane har samarbeid med kommunane om fagdagar og helsepedagogiske tilbod.

Digitale tilbod:

Under pandemien vart det utvikla digitale LMS- kurs ved alle føretak, noko som gav verdifull kompetanse og erfaring på feltet. I evaluering og utvikling av nye kurs, vert det no vurdert om digitale tilbod, fysiske eller ein kombinasjon er best egna for målgruppa. Digitale tilbod gjer samarbeidet om kurs på tvers av føretak lettare. Samarbeid om digitale innlegg frå førelesarar utifrå region er også prøvd ut med gode erfaringar, til dømes da fagperson frå Helse Sør Øst deltok inn på Starthjelpkurs.

Kompetanse:

Helsepedagogikk: Alle LMS i vest har tilbod om helsepedagogikkurs. I 2022 deltok kursleiarane frå kvart føretak på felles kompetansehevingprogram i regi av NK LMH³ og nettverket. Dette gav ny inspirasjon og faglig oppdatering. Etter kurset arbeider alle LMS med tilpassing av helsepedagogiske kurs i eige føretak. Nettverket planlegg for årlege erfarings- og kompetansedagar for kursleiarane framover.

Nettverket har utvikla **e-læringskurs i «gruppebasert opplæring av pasient- og pårørnde»** (2021). Kurset ligg i Læringsportalen i alle føretak med moglegheit for ekstern deltaking, har i 2022 arbeid med markedsføring og implementering av kurset.

Brukarmedverknad: Tilsette ved LMS og nettverket er ein ressurs inn i arbeid med brukarmedverknad i føretaka. Har i 2022 utarbeidd anbefaling for tilpassing av Helse Vest sine nye takstar for brukarmedverknad, til arbeidet i LMS. Har fokus på at oppfølging, kompetanse og rutinar for samarbeid er like viktig som takstar. Eksempel: LMS Bergen har delteke i eit stort brukarmedverknadsprosjekt i føretaket og LMS Stavanger har i samarbeid med utdanningsavdelinga gode erfaringar med simuleringskurs for å trygge brukarmedverkarar som kursleiarar.

Fagsamlingar: Nettverket arrangerer årlege fagsamlingar. I perioden 2022 til 2023 er desse arrangert lokalt i samarbeid med kvart LMS. Bergen og Stavanger arrangerte sine fagsamlingar i 2022. Tema «Fatigue» med 80 deltakarar ved LMS Stavanger og tema «Vendepunktet» med 120 deltakarar ved LMS Bergen. At fagpersonar frå kommunar og føretak og brukarrepresentantar/ organisasjonar møtes rundt kvart sitt lokale LMS, har stor verdi for samarbeidet og fagfeltet.

Digital LMS-café: nettverket har gjennomført 3 lunsjcaféer dette året. Tema har vore: «Plutselig vaksen – foreldrekurs» ved Helse Fonna, «Arvelig kreft – pasientkurs» og «Prosjekt om brukarmedverknad», begge ved Helse Bergen. Dette er ein time lunsjundervisning der ein kan møte opp utan påmelding og med målretta invitasjon til fagavdelingar i kvart føretak/ kommune med interesse for temaet. 20 – 55 har delteke kvar gong. Krev lite ressursar både å arrangere og delta på. I følge deltakarane gir det godt påfyll for arbeidskvardagen.

Podcast: ein ny måte å nå ut bredt ut. LMS Helse Bergen har laga eigne podstar⁴ og Helse Fonna har saman med leiar av nettverket, delteke i podcast ved NK LMH⁵.

Hospitering: tilsette har hospitert ved andre LMS i regionen med godt utbytte. Det har vore spesielt nyttig i år da fleire LMS har hatt nyttilsettingar.

³ Nasjonal kompetansetjeneste for læring og mestring innen helse. www.mestring.no

⁴ [Podcast frå LMS Helse Bergen](#)

⁵ [Podcast](#) mestring.no

Utvikling og forskning:

Nasjonalt har vi eit godt samarbeid med NK LMH med representant inn i fleire forskingsprosjekt og kunnskapsoppssummeringar⁶

Lokalt: Masteroppgave ved Stavanger HF om «Pasienterfaringer ved digital pasient- og pårørandeopplæring».

Evaluering: Alle LMS'ane har elektronisk evaluering av kurs. LMS Stavanger har gjort ei oppsummering av sine kurs som viser at respondentane har nærare 100% utbytte av kurstilbodet, det gjeld både digitale og fysiske kurs.

Samarbeid om læring og meistring:

NK LMH: nettverket har leiarvervet i referansegruppa denne perioden.

Nasjonalt forum: regionsleiarane for læring og meistring og leiar ved NK LMH møtes 2-4 gonger i året, flest digitale møte.

Nasjonale videokonferansar: Nettverket har representant inn i programkomiteen

Helsedirektoratet: representant frå Helse Vest RHF og leiar av nettverket deltar i H.dir sitt oppdrag gitt av HOD, for å sjå på framtidens lærings- og meistringsteneste.

Nettverk for pårørandeforskning: LMS- nettverket har representant inn.

Lokalt har LMS'ane mange viktige samarbeidspartar som til dømes høgskule/ universitet, brukarorganisasjonar, fagavdelingar og undervisningsavdelingar i føretaket. I Helse Fonna er LMS nært knytt til samhandlingsfeltet og FOUSAM⁷ og i Bergen til Alrek helseklynge⁸.

Plan for kommande år: *(Kort beskriving av planlagt aktivitet og eventuelle oppdrag gitt til nettverket)*

Plan for neste år tar utgangspunkt i mandat og ny handlingsplan for nettverket:

- Bli enda meir involvert i arbeid med pasientforløp, både lokalt ved kvart LMS i samarbeid med fagavdelingane, og bli koplå på regionalt forløpsarbeid.
- Ha oversikt på aktivitet ved kvart LMS, kva for pasientgrupper som får tilbod og tal på kurs.
- Fokus på minoritetar og deira deltaking på LMS- kurs
- Fokus på samarbeid om LMS-kurs på tvers av føretak og bruk av digitale verktøy.
- Dele erfaringar og kompetanse på samhandling med kommunane og slik understøtte kvart LMS sitt arbeid med å gjere læring og meistring/ opplæring synleg inn i helsefelleskapa.
- Samling for kursleiarar frå kvart føretaksområde som arrangerer helsepedagogikkurs.
- Arbeide for at e-læringskurset skal bli eit kompetansekrav i føretaka for fagpersonar som er involvert i gruppebasert pas.- og pårørandeopplæring.
- Arrangere fagsamlingar saman med LMS i Helse Førde og LMS Helse Fonna
- Arrangere 3-4 digitale LMS cafèar
- Bidra inn i nasjonal kurskomitè for digitale videokonferansar
- Bidra inn i arbeidsgrupper, forskargrupper, nettverk og referansegruppe ved NK LMH og andre aktuelle samarbeidspartar
- Systematisk gjennomgang av evalueringar frå LMS-kurs
- Revidere retninglinje/ brosjyre for oppfølging av brukarmedverkarar inn i samarbeid med LMS.⁹
- Vere ein ressurs inn i arbeid med brukarmedverknad på system og tenestnivå i føretaka
- Bidra inn i nasjonalt arbeid om utvikling av lærings- og meistringsfeltet i regi av Helsedirektoratet (HOD- oppdrag)

⁶ Mestring.no

⁷ Forsknings- og utviklingsenhet for samhandling. www.fousam.no

⁸ lenke

⁹ [Brosjyre brukarrepresentant](#) og [Rettleiar helsepersonell](#)

- Ha fokus på å synleggjere kurstilbod ved LMS (markedsføring), både til samarbeidspartar (fastlegar, kommunar med fleire) og til pasientar og pårørande. . Helse Fonna søker Søkornsmidler for 2023 og vil involvere nettverket i arbeidet.

Ressursbruk: (Kort beskriving av bruk av midlar som er ytt til nettverket)

Regionale midlar er brukt til:

1. Leiar av nettverket i 60% stilling
2. 20% stilling i kvart føretak (1 og 2 utgjer arbeidsutvalet for nettverket)
3. Driftsmidlar kr. 20 000 til kvart føretak
4. Driftsmidlar knytt til fysisk møte for AU i Bergen kombinert med siste dag i kursleiarkurset i helsepedagogikk
5. Fagsamlingar i samarbeid med LMS Bergen og LMS Stavanger, kr. 50 000 til kvar.
6. Brukarmedverknad i nettverket (honor og reise -kostnader)
7. Deltakelse i nasjonalt arbeid i H.dir og ved NK LMH

Vurdering: (Kort vurdering av arbeid i nettverket og nytten av dette jf. mandat for nettverket, ev forslag til justering av mandat)

Opplæring av pas. og pår. er ein viktig og pålagt del av pasientforløpet. Kunnskap som er kvalitetssikra, forståeleg og handterbar, er viktigare enn nokon gong. Jamfør mellom anna Strategi for helsekompetanse¹⁰. Sjølv om vi har mange gode eksempel på at pas. og pårørandeopplæring er inkludert i pasientforløp, er det langt frå likeverdige tenester verken innad i føretaksområda eller i Helse Vest-regionen. Nettverket sin funksjon som pådrivar og kompetanse trengs!

Det er små fagmiljø ved kvart LMS i Helse Vest og nettverket trengs for kollegastøtte, lære av kvarandre, inspirasjon, kompetanseheving og erfaringsdeling.

Helsedirektoratet sitt nasjonalt prosjekt om framtidens lærings- og mestringsfelt, vil truleg gje nye eller endra føringar for feltet, noko som nettverket kan bidra til å følge opp i vår region. anbefaler at vurdering om det er behov for endringar i nettverket sitt mandat, avventar dette arbeidet.

Rapportar og brukarundersøkingar viser at fagpersonar ikkje er gode nok på pasientinformasjon og opplæring. Samarbeid innad i nettverket om kompetansetilbod som fagdagar og kursleiarkurs i helsepedagogikk, er viktig for at helsepedagogiske tilbod vert gjennomført i kvar region.

Digital utvikling, satsing og verktøy har stort potensiale, men her trengs også at faget og pedagogikken vert kopla på om brukarane skal få godt utbytte. Nettverket har ei viktig rolle her.

Minoritetar har eit for dårleg tilbod om LMS-kurs og får i liten grad dra nytte av dei positive effektane det er å dele erfaringar med andre. Nettverket har dette med i handlingplanen.

Brukarmedverknad er ein ressurs det er meir og meir behov for. Nettverket og LMS representerer både ein kvalitetssikra arbeidsmetode og har eit system for ivaretaking og samarbeid. Dette er det eit stort behov for, også utover LMS sitt arbeidsfelt.

Kunnskapsoppssummeringar, evalueringar og tilbakemeldingar frå både fagmiljø og deltakarar på LMS-kurs, viser at deltaking gir godt utbytte for pasient- og pårørande i tillegg til ein samfunnsøkonomisk effekt. Her trengs meir forskning og nettverket er med i spennande samarbeid ved NK LMH som det fortsatt er viktig å bidra inn i.

¹⁰ Regjeringa sin [Strategi for auka helsekompetanse i befolkningen](#)

Rapport utarbeidd av:
Sølvi Heimestøl i samarbeid med AU

Årsrapport skal sendast til post@helse-vest.no innan 31.01.23

Vedlegg 1: Oversikt på aktivitet ved Lærings- og mestringsentra i Helse Vest

Fig 1: Tal på gjennomførte kurs ved alle LMS i Helse Vest frå 2017 til 2022

	Helse Stavanger						Helse Fonna						Helse Bergen						Helse Førde					
Årstal	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Tal på kurs	78	86	85	Tot: 76 Dig: 34	Tot: 93 Dig: 50	Tot: 100 Dig: 23	49	50	54	Tot: 19 Dig: 10	Tot: 39 Dig: 15	Tot: 47 Dig: 6	198	214	176	Tot: 37 Dig: 5	Tot: 75 Dig: 20	Tot: 105 Dig: 4	50	53	45	Tot: 24 Dig: 6	Tot: 30 Dig: 4	Tot: 35 Dig: 4

Fig 2: Tal på pasientar og pårørnde på kurs 2019 -2022




Fig. 3: Tal på **typar kurs** for **vaksne** ved lærings- og mestringsentra i Helse Vest




Fig 4: Tal på **typar kurs** for **BARN og UNGE** med føresette ved lærings- og mestringsentra i Helse Vest

